

**Medlemsmagasinet for Norges Musikkorps Forbund, som heiter Ambis, har i sitt siste nummer ein god og positiv omtale av Brodahl-konserten på vårparten. Magasinet kjem i 60.000 eksemplar og vert sendt til alle medlemmer i NMF som ønskjer det.**

At konserten får spalteplass der viser at den er lagt ekstra godt merke til. Konserten er dekkja på trekvart side og i tillegg er eit bilete av Brodahl og Sebastian Torjusen med suousafon og tilhøyrande tekstt brukt i ein annan samanheng.

Grenda-journalist Morten Nygård har laga reportasjen og slår fast at det alt frå første takt var klart at det 40 personar store orkesteret hadde lagt alle nervar i garderoben . 'Kledde i sin finaste stas framstod muskarane med sterk sjølvtilitt', blir det slått fast. I reportasjen blir det også understreka at programmet hadde ein høg vanskegrad.

Brodahl er raus med rosen og her er to sitat:

- Det er utruleg kjekt å koma til Kvinnherad. Eg har aldri sett eit så disiplinert skulekorps før, dei ser ut som nygrilla konfirmanter alle saman.
- Då korpsa fekk notane vart dei blå, grønne, gule og kvite i andleta. Men eg må seia at alle har vist skikkeleg helteinnsats.

Av Ola Matti Mathisen